
Fra: dag.namtvedt@gmail.com
Sendt: 4. mars 2014 20:08
Til: Arnold Matre; Postmottak Lindås
Emne: Re: VS: Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gjeldande gnr 123 bnr 7

Eg minner om e-post av 31. januar i år. Eg kan ikkje sjå at kommunen har svara. Kommunen har også tidlegare bruka urimeleg lang tid på å svara på spørsmål i same sak. Forvaltingsloven har reglar om at det skal svarast utan ugrunna opphald, jf. forvaltingsloven paragraf 11, 1. ledd, jf. 2. ledd om at det skal gjerast førebels svar dersom det ikkje kan gjevast fullgodt svar.

Eg minner og om at utarbeiding av denne delplanen har teke urimeleg lang tid.

Helsing
Dag Namtvedt

Sendt fra min iPad

Den 31. jan. 2014 kl. 21:35 skrev dag.namtvedt@gmail.com:

Eg viser til tidlegare e-postar, seinast av 24. april i fjor der du opplyser at realistisk sett vil planarbeidet med kommunedelplanen først halda fram etter sommerferien (dvs. sommerferien 2013). Vi er no i 2014. Kva er status for arbeidet?

Helsing
Dag Namtvedt

Sendt fra min iPad

Videresendt melding:

Fra: Namtvedt Dag <Dag.Namtvedt@sd.dep.no>
Dato: 31. januar 2014 11:13:02 CET
Til: "dag.namtvedt@gmail.com" <dag.namtvedt@gmail.com>
Emne: VS: Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gjeldande gnr 123 bnr 7

Fra: Arnold Matre [<mailto:Arnold.Matre@lindas.kommune.no>]
Sendt: 24. april 2013 18:52
Til: Namtvedt Dag
Emne: SV: Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gjeldande gnr 123 bnr 7

Me syner til dine e-postar der du etterlyser status for planarbeidet med Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Me vil samstundes orsaka for at du har måtte venta lenge på svar.

Sidan sist oppdatering har ein kome godt i gang med konsekvensutgreiing for alle dei aktuelle områda som politikarane vedtok skulle inn i planen. Diverre er planarbeidet igjen sett på vent grunna ressursituasjonen ved fagavdelinga plan. Me har ein medarbeidarar som har slutta og som det enno i ikkje er tilsett ny i staden for.

Realistisk sett vil me ikkje ha personalressursar til å halda fram arbeidet før etter sumaren.

Med helsing

Arnold Matre

Fra: Namtvedt Dag [<mailto:Dag.Namtvedt@sd.dep.no>]

Sendt: 28. desember 2012 15:52

Til: Arnold Matre

Emne: SV: Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gjeldande gnr 123 bnr 7

Eg viser til utveksling av e-postar i juni i år om kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Kva er status for arbeidet med kommunedelplanen no ved årsskiftet, og kva er framdirftsplanane for arbeidet med planen?

På førehand takk!

Helsing

Dag Namtvedt

Fra: Arnold Matre [<mailto:Arnold.Matre@lindas.kommune.no>]

Sendt: 26. juni 2012 14:07

Til: Namtvedt Dag

Emne: Kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden - gjeldande gnr 123 bnr 7

Hei.

Det vert vist til Dykkar e-post dagsett 25.06.12 med spørsmål om status på planarbeidet samt gjeldande naustområde ved Risa kai.

Status på arbeidet med kommunedelplanen er som følger: Planen var på offentleg høyring frå januar til mars 2011. Saka var opp til 2. gongs handsaming i plan- og miljøutvalet 14.12.11. I møtet vart det gjort vedtak om fleire endringar, og plankart – planskildring og føresegner skal oppdaterast i samsvar med dette.

Diverre slutta sakshandsamar til nyttår 2011, slik at saka har lagt på vent. Underteikna byrja i stillinga sist veke, og har fått ansvar for å retta opp planen i samsvar med vedtak av 14.12.11, samt å senda den ut på ny høyring.

Dette medfører at planen vil koma på ny høyring (kva gjeld endringar veteken av plan- og miljøutvalet 14.12.11) i løpet av hausten 2012.

Når det gjeld konkret ditt spørsmål gjeld ei av dei vedtekne endringane eit naustområd ved Risa kai. *"Naustområde N4 ved kaien på Risa vert utvida slik at det også omfattar eigedomen 123/2. Det vert opna for 3 nye naust i NA4, samt at eldre naust kan erstattast av nye". "NA4 vert utvida slik at grensen går frå eksisterande naust ved sør til naust i vest som ikkje er ein del av NA4."*

Vonar dette er svar på dine spørsmål. Elles er eg å nå på telefon 56 37 56 37.

Med helsing

Arnold Matre
Areal og miljø
Lindås kommune

Arnold.matre@lindas.kommune.no